

Høyringsmottakarar

Sakshandsamar: Finn O. Meling
Telefon direkte: 45427874
Dato: 01.11.2021
Referanse: 21/08550-6

Høyring - søknad om konsesjon for helikopterplass ved Norddalsvatnet i Høyanger

Statkraft Energi AS (org 987059729), har sendt ein søknad til Luftfartstilsynet, mottatt 21. juni i år, om konsesjon for å starta opp, driva og ha ein landingsplass for helikopter ved Norddalsvatnet i Høyanger kommune.

1. Nærare om søknaden

Det går fram av søknaden at behovet for landingsplassen har samband med rehabilitering av fleire damanlegg i kommunane Høyanger og Sogndal. Særleg arbeidet med to av dammane, Øvre og Nedre Gruvlebotnvatn, vil krevja omfattande bruk av helikopter.

Statkraft Energi AS søker om konsesjon for totalt 12.000 flyrørsler for perioden 15. mai 2022 til 30. oktober 2023. Gjennom etterfølgjande korrespondanse med Luftfartstilsynet har Statkraft Energi AS bedt om at konsesjonsperioden vert utvida til slutten av oktober 2024, med tanke på moglege forseinkingar og etterarbeid.

Arbeid på dammane vil etter planen gå føre seg i følgjande periodar:

- Nedre Gruvlebotnvatn 15.05.22 – 15.10.22, 6 dagar i veka (ikkje søndag).
- Øvre Gruvlebotnvatn 15.05.23 – 30.10.23, 6 dagar i veka (ikkje søndag).

Arbeidstid vil vera mellom kl. 0700 til 2000. Ved gjennomføring av store støypejobbar kan arbeidstida bli styrt av kva tid det vert mørkt, det vil seie fram til nærmere kl. 2300.

Det vil bli nytta helikopter frå Airlift AS sin base ved Bringeland i Førde. Aktuell helikoptertype er AS 350 B3+ «Ecureuil» (Airbus H125).

Nedanfor kan ein sjå kart der landingsplassen er markert. Landingsplassen det vert søkt om konsesjon for er den som ligg i det sørvestre hjørnet av Norddalsvatnet, nær Makkoren. Dette vil vera riggplassen for arbeidet med rehabilitering av damanlegga. Flyging vil skje frå denne landingsplassen til dei to markerte landingsplassane ved høvesvis Nedre og Øvre Gruvlebotnvatn¹.

¹ Landingsplassane ved Nedre og Øvre Gruvlebotnvatn vil i utgangspunktet ikkje ha krav om konsesjon, ettersom dei kvar for seg vil bli nytta til bygg-/anleggsverksemd i mindre enn eit år. Dersom dei vert nytta i lengre tid enn eitt år, vert det krav om konsesjon også for desse, så sant det ikkje er grunnlag for å gje

Luftfartstilsynet


T: +47 75 58 50 00
F: +47 75 58 50 05
E: postmottak@caa.no

Postadresse:
Postboks 243
8001 BODØ

Besøksadresse:
Sjøgata 45-47
8006 BODØ

Fakturaadresse:
fakturamottak@caa.no

Fakturamottak DFØ
Postboks 4104
2307 HAMAR



2. Konsesjonsregelverket

Alle som vil starta opp, driva eller inneha ein landingsplass skal som hovudregel ha konsesjon, jf. lov 11. juni 1993 nr. 101 om luftfart (luftfartslova) § 7-5 første ledd. Ifølgje luftfartslova § 7-6 skal konsesjon berre bli gitt når det kan bli sameina med allmenne omsyn. Det skal bli henta inn fråsegn frå relevante kommunale og andre styresmakter før konsesjon eventuelt blir gitt.

Vilkåret «*forenlig med allmenne hensyn*» er nærmere presisert i forskrift 11. januar 2007 nr. 40 om konsesjon for landingsplasser (BSL E 1-1 – heretter konsesjonsforskrifta) § 1 bokstav b, som har slik ordlyd:

«*Formålet med forskriften er:*

- b) Å sikre en samfunnstjenlig luftfart og en hensiktsmessig disponering av arealer, og at vurderingen av konsesjonssøknader skjer ut fra hensynet til miljø, helse, flysikkerhet, næringsinteresser, reguleringsplan, kulturlandskap, samt hensynet til regional utvikling og bosetting.»

Det følgjer vidare av luftfartslova § 7-7 at konsesjon blir gitt for ei bestemt tid, og på slike vilkår som ein finn grunn til å krevja. Konsesjon for landingsplassar til privat bruk blir som hovudregel gitt for ein periode på 10 år, i samsvar med konsesjonsforskrifta § 15.

3. Høyringa

Luftfartstilsynet ber høyningsinstansane om ei vurdering av etablering og drift av landingsplassen opp mot allmenne omsyn, med særleg vekt på dei omsyna som er tatt inn i konsesjonsforskrifta § 1 bokstav b.

Utanom dei forholda høyningsinstansane eventuelt sjølv ønskjer å ta opp, ber me om at høyningsinstansane særleg vurderer dei forholda som er omtala i pkt. 3.1 med vidare nedanfor.

3.1 Forholdet til kommunal arealplan

Det følgjer av luftfartslova § 7-6 tredje og fjerde ledd at konsesjon som hovudregel ikkje kan bli gitt i strid med vedtekne arealplanar etter plan- og bygningsloven. Ein kan likevel gi konsesjon i strid med arealplan dersom vedkomande plan- og bygningsstyresmakt samtykker til ferdigbehandling av konsesjonssøknaden.

Luftfartstilsynet forstår det slik at gjeldande område er regulert til landbruk, natur, friluft og reindrift, men at det er gjeve eigen reguleringskonsesjon for damanlegget.

Statkraft Energi AS har lagt ved detaljplanar for miljø og landskap, der det går fram at det er føresegnene i forskrift om sikkerhet ved vassdragsanlegg (damsikkerhetsforskrifta) som er bakgrunnen for det no aktuelle tiltaket. Rehabilitering av dammane skal skje innafor rammene av gjeldande reguleringskonsesjon og vilkåra som er fastsett i denne. I overordna detaljplan står det:

Arealene som inngår i detaljplanen er i begge kommuneplanene avsatt til landbruks-, natur- og friluftsformål samt reindrift (LNFR). Damområdet ved Høgsvatnet er i tillegg avsatt til spredt fritidsbebyggelse. For planlagt arealbruk som kommer i konflikt med gjeldende planstatus i kommunale planer vil det bli søkt kommunene om dispensasjon etter plan- og bygningsloven kapittel 19 for midlertidig og varig omdisponering av arealer.

Luftfartstilsynet legg til grunn at dispensasjon frå Høyanger kommune også vil famna om behovet for helikopterplass, men ser gjerne at kommunen kommenterer særskilt på dette punktet.

3.2 Forholdet til naturmangfaldlova

Ved vurdering av konsesjonssøknaden legg Luftfartstilsynet vekt på lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova), §§ 8 til 12, jf. § 7.

Eter konsesjonsforskrifta § 11 andre ledd skal søkeren leggja ei miljøutgreiing ved søknaden. Luftfartstilsynet ser det slik at detaljplanen for miljø og landskap som Statkraft Energi AS har sendt til Luftfartstilsynet i utgangspunktet er dekkjande med omsyn til det som gjeld landskapsinngrep.

Detaljplanen er meir sparsam i omtalen av naturmangfald. Luftfartstilsynet har difor gjort undersøkingar i artsdatabanken for det aktuelle området, men denne viser ingen truga artar eller artar som skulle bli særskilt påverka av helikopteraktivitet.

Luftfartstilsynet ser likevel gjerne at kyndige instansar kommenterer behovet for ytterlegare utgreiing av spørsmål knytt til naturmangfald.

3.3 Støy

Eter konsesjonsforskrifta § 11 tredje ledd skal det følgja ei støyutgreiing etter retningslinjene T-1442 saman med søknaden. Luftfartstilsynet kan likevel dispensera frå dette kravet. Dispensasjon vert som regel berre gitt dersom det ikkje vert rekna som hensiktsmessig å krevja støyutgreiing etter ei vurdering av tilhøva rundt landingsplassen.

Statkraft Energi AS har bedt om dispensasjon frå kravet om støyutgreiing. I utgangspunktet ser Luftfartstilsynet det slik at slik dispensasjon bør kunna bli innvilga, ettersom me ikkje kan sjå at det er bygg med støysensitivt bruksføremål i nærleiken av landingsplassen.

4. Konsesjonsvilkår

Luftfartstilsynet har lagt ved eit utkast til konsesjonsvilkår. Her har me også føreslått at namnet på landingsplassen skal vera *Høyanger helikopterplass, Norddalsvatnet*, i samsvar med konsesjonsforskrifta § 7 første ledd.

Konsesjonsvilkåra byggjer på Luftfartstilsynet sin generelle praksis og mal for vilkår, og på opplysningar i søknaden. Me vil særskilt påpeika at ei flyrørsle er enten ein avgang eller ei landing. Talet på flyrørsler som er nemnde i utkastet til konsesjonsvilkår vil famna om all aktivitet på landingsplassen. Ramma for trafikkofangset er absolutt. Dersom det i konsesjonsperioden er aktuelt med eit høgare tal på flyrørsler, må konsesjonen først bli endra.

Me understreker at dei vedlagde konsesjonsvilkåra er førebelse utkast, og at desse såleis kan bli endra i etterkant av høyringa, også på grunnlag av mottatte fråsegn i høyringsperioden.

5. Høyringsfrist

Me ber om at eventuelle fråsegn til søknaden blir sende til Luftfartstilsynet **innan 28. januar 2022.**

Fråsegn kan bli sendt pr. e-post til: postmottak@caa.no. Merk helst fråsegnet med saksnummer 21/108550.

Med unntak av dette høyringsbrevet, blir ikkje dokumenta som inngår i høyringa sende til høyringsinstansane. Alle høyringsdokumenta er tilgjengelege på Luftfartstilsynet sine heimesider her: <https://luftfartstilsynet.no/horinger/>.

Kommunen må i samband med høyringa sjølv vurdera om søknaden skal bli lagt ut på lokal kommunal høyring før eventuell fråsegn blir gitt.

Med vennleg helsing

Nina B. Vindvik
juridisk direktør
Direktoratsavdelingen

Finn Owen Meling
juridisk seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjend og krev difor ikkje signatur.

Adresseliste:

- Høyanger kommune
- Vestland fylkeskommune
- Fylkesmannen i Vestland
- Norges vassdrags- og energidirektorat

Kopi:

- Statkraft Energi AS

Vedlegg:

- Statkraft Energi AS sin søknad om konsesjon, med vedlegg